

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.06.2023
027/23	Eldreråd	05.06.2023
017/23	Ungdomsråd	05.06.2023
026/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.06.2023

Idrettsprosjekt - 2. gong tildeling 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til idrettsprosjekt på kr 40.000 slik det kjem fram av saka.

Eldreråd 05.06.2023:

Handsaming:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.
Samrøystes vedteke.

ER- 027/23 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Handsaming:

Fellesframlegg:

RMNF meiner tildelinga slik den er foreslått treff dei målgruppene rådet skal ivareta på ein god måte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 026/23 Vedtak:

RMNF meiner tildelinga slik den er foreslått treff dei målgruppene rådet skal ivareta på ein god måte.

Ungdomsråd 05.06.2023:

Handsaming:

Orientering i saka v/Eileen Feste

UR- 017/23 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 039/23 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til idrettsprosjekt på kr 40.000 slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd samt råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka gjeld

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga idrettsprosjekt.
Tilskotsordninga hadde søknadsfrist 15.04.2023.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant.

Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga.

Sakshistorikk

Her er oversikt over siste års tildelinger gjennom idrettsprosjektordninga;

År	Tildelt sum	Merknad
2023		Tildeling februar – kr 40.000 Tildeling juni – kr
2022	Kr 210430	Tildeling februar – kr 30.000 Tildeling mai – 30.000 Ekstraordinær tildeling – kr 150.430
2021	Kr 171.000	
2020	Kr 135.000	

Partar

Uttale frå Alver idrettsråd ligg ved saka.

Vurdering:

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningsliner for denne tilskotsordninga.

Lag	Totalkostnad	Søknad	Innstilling	
IL Kvernbit	100000	100000	40000	Søker om tilskot til tørrdrakter i samband med oppstart av padlegruppa "Hekta på kajakk" Eit tilbud for dei som strevar med avhengighet/ psykiske plager og pårørande.
Lindås IL	130000	100000	0	Bygje innbytterbenker på Lindås kunstgras. Har ikkje levert sluttrapport på forrige prosjekt
	230000		40000	

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 40.000 slik det kjem fram av saka.

Vedlegg i saken:

31.05.2023 Alver idrettsråd uttale mai 2023

1934928